



## MEDLEMSKAP I VALLDAL IDRETTSLAG

Alle lag i Norges Idrettsforbund er innan 31.12.16 pålagt å ha eit elektronisk medlemsregister. Dette gjeld også Valldal IL og vi har bestemt at vi vil bruke idrettsforbundet sitt system gjennom "Min idrett"

"Min idrett" er eit nettside der medlemmar i idrettslaget kan styre sitt medlemskap og knytning til undergrupper, gjere påmeldingar til skirenn, friidrettstemne o.s.v., registrere lisensar og gjere betalningar. "Min idrett" krev innlogging med brukarnamn og passord. Det enkelte medlem må difor vere oppretta som brukar, eller ein må opprette seg som brukar ved første gongs bruk

Vi bed difor om at alle som har vore medlemmar eller ønskjer å verte nye medlemmar i Valldal Idrettslag om å bruke "Min idrett" for medlemsregistrering i 2016.

Nettadressa er <https://minidrett.nif.no/>

Då kjem du inn på følgjande bilde:



- dersom du er ny brukar; klikk på "Ny Bruker"
- dersom du har er registrert som brukar i "Min Idrett"; klikk på "logg inn" med brukarnamn og passord
- dersom du har brukt "Min Idrett", men gløymd brukarnamn/passord; klikk på "Glemt brukernavn/passord" og registrer mobilnr eller e-post. Du vil då få tilsendt eingongskode for å endre passord og eiga melding der ditt brukarnamn er oppgitt (dette føreset at mobiltelefon og/eller e-post er registrert i Min Idrett)

Er du ny brukar i "Min idrett" må følgjande registrerast:

- Fødselsnummer. NB vert kun brukt til oppslag om sentrale register. Berre fødselsdato vert synleg i "Min Idrett"
- Fornamn
- Etternamn
- Mobiltelefon (for barn kan forelder sin telefon brukast)
- E-post (for barn kan forelder sin e-post brukast)

Du vil deretter få ein eingangskode for å lage ditt eige passord og brukarnamn for pålogging. Ta godt vare på brukarnamn og passord!

Dersom du prøver å opprette ny brukar, men allereie er registrert får du melding om dette.

Etter pålogging kjem du inn i profilbiletet. Du kan endre opplysningar under "Min Profil" t.d. om reservasjon mot å motta ulike tilbod på e-post.

For å verte medlem i Valldal idrettslag må du søkje om medlemskap.

Når du er pålogga "Min Idrett"-

- opne "Medlemskap".
- bruk "Finn ny klubb"
- søk på "Valldal"
- m.a. Valldal IL kome opp som forslag
- vel "Valldal IL"
- sett hake på idrettar/grupper du vil vere tilknytt.

Dette gjeld både for vaksne, barn år og pensjonist.

Valldal Idrettslag har kontingent for familiemedlemskap . For å utnytte dette må ektefeller/sambuarar og eventuelle barn under 18 år (alder rekna pr 1.1. i medlemsåret) registrerast saman under "Legg til familie". Deretter kan det søkjast om medlemskap. Det er viktig at kvar enkelt som skal registrerast under "Legg til familie" først er registrert i "Min idrett"

NB! Det er berre i år som er første året vi tek i bruk elektronisk medlemsregister at dei som er medlemmar må søkje på nytt om medlemskap.

Når søknaden om medlemskap er behandla av medlemsansvarleg i Valldal Idrettslag, vert det sendt ut krav om medlemskontingent i samsvar med innmelding. Kravet vert lagt både i "Min idrett" og sendt ut som vedlegg i e-post. Etter betaling er det muleg å skrive ut medlemskort frå "Min idrett". Ver merksam på at innbetaling må gjerast til anna kontonummer enn det som er brukt tidlegare år.

Vi bed om at registrering i "Min idrett" og søknad om medlemskap vert gjort snarast muleg og helst innan 1. mai.

Har du vanskar med bruk av "Min idrett" eller av andre grunnar ikkje får registrert medlemsøknad, send melding til [post@valldalil.no](mailto:post@valldalil.no) eller ta kontakt på telefon 950 65 937 eller 970 77 165

Følgjande kontingentsatsar gjeld i for 2016:

Barn under 18 år	kr 350,- (alder rekna pr 1.1. i medlemsåret)
Voksen	kr 450,-
Pensjonist	kr 350,-
Familie	kr 800,-

Vi minner om at alle som deltek for Valldal Idrettslag i lagidrett eller individuell idrett skal vere medlem i laget. Andre som brukar anlegg eller andre tilbod bør også vere medlem.

Helsing

Valldal Idrettslag